



Sakspapir

Saksbehandlar	Arkiv	ArkivsakID
Åse Aleheim	GBR - 41/55	16/135

Saksnr	Utval	Type	Dato
021/16	Hovudutval teknisk/næring	PS	25.04.2016

PRINSIPPVURDERING - TRASEVAL FOR FV 6 GRIMSTVEIT - SVEIO SENTRUM

Prenta vedlegg:

Silingsnotat for Fv 6
Forprosjekt Fv6
Forslag til vegalternativer for Fv 6
Evaluerings skjema for Fv 6
Evaluerings skjema
KU for Fv 6 i kommuneplanen
Forslag til tunnel under Sveio sentrum

Saksopplysningar:

Rådmannen, 07.04.2016

Aktuelle lover, forskrifter, avtalar m.m.:

- Plan- og bygningslova, særskilt kapittel 12 om reguleringsplanar
- Kommuneplanen for Sveio 2011-2023

Bakgrunn:

Fv 6 (Tjernagelvegen), mellom Buamyrdalen og Sveio sentrum, tilfredsstillar ikkje dagens krav til vegstandard. Den har mykje svingar, er til dels smal, mørk og har bratte bakkar og uoversiktlege bakketoppar.

Kommunestyret fatta vedtak 16.12.2013 om å godkjenna detaljregulering for Fv 6 på strekninga Buamyrdalen til Grimstveit. Entreprenørselskapet Risa har no starta opp med skogrydding for dette prosjektet og byggjearbeid er venta å skje i midten av april 2016. Planlagt ferdigstilling av vegen er i slutten av sommaren 2017.

Vegstrekninga mellom Buamyrdalen og Grimstveit er i hovudsak planlagt som ny veg i staden for å utbetra eksisterande veg. Dette gjev moglegheit til høgare fart, betre breidde på vegen og tryggjare tilhøve for eksisterande gardsbruk i området. Eksisterande veg kan då takast i bruk som gang- og sykkelveg og som tilkomst til eigedomane i området. På denne strekninga må noko landbruksareal gå med og ein av landbrukseigedomane i området vert delt i to. Avbøtande tiltak for å sikre fortsett gardsdrift vil skje gjennom drenering av andre landbruksareal og bygging av to undergongar under ny veg for å gjera det mogleg å føra fram kyr mellom gardstun og beiteareala. Slik situasjonen er i dag må bonden føre dyra over eksisterande fylkesveg med de ulemper dette medfører for gardsdrifta og trafikktryggleika.



Saka:

No har Statens vegvesen starta opp eit nytt prosjekt for å laga ein ny reguleringsplan som legg til rette for å vidareføra utbetringa av vegen frå Grimstveit, sørover til Sveio sentrum og Fv. 47.

Forventingane til planen er å sikra betre vegstandard og betra trafikktryggleiken. Utbygginga er ikkje finansiert enno men det har kome midlar til utarbeiding av reguleringsplan. I samband med dette arbeidet har ein gjort nokre konkrete vurderingar i forhold til plassering av vegtrasé.

Ein kan sjå føre seg fleire ulike alternative løysingar i saka. For at planarbeidet ikkje skal verta for omfattande og krevja sær store ressursar til utgreiing har vegvesenet kome med ein tilråding til kva dei meiner er det beste valet av ny trasé mellom Grimstveit til Sveio sentrum. Statens vegvesen har såleis allereie gjort ein form for tidleg konsekvensutgreiing der ein no kjem med ein tilråding til vegtrasé som dei meiner ein bør arbeida vidare. Det har såleis vorte gjort konkrete vurderingar i forhold til å velja bort nokre alternativ, slik at ein kan konsentrera seg om den som framstår som mest føremålstenleg.

I denne samanheng har Statens vegvesen lagt fram eit silingsnotat for kommunen, med føremål å koma med tilråding til vidare planarbeid. Denne saka vert no lagt fram som ein prinsippsak for politisk vurdering for å avklara om kommunen er einig i vegvalet. Administrasjonen i kommunen har ikkje vore direkte involvert i arbeidet med å utarbeida eit silingsnotat. Likevel har administrasjonen vorte orienterte om kva alternativ vegvesenet har arbeida med. Før planarbeidet kan starta opp og vegvesenet kan be kommunen om eit oppstartsmøte må no kommunen ta stilling til om ein ønskjer å gå for vegvesenet sin tilråding slik at planområdet kan avgrensast og ein kan konsentrera seg om ein løysing vidare i planarbeidet.

Økonomiske konsekvenser:

Den del av Fv 6 som ligg nord for Grimstveit og som allereie er planlagt og starta opp, skal finansierast med hjelp av midlar frå Haugalandspakken og tilskot frå Hordaland fylkeskommune.

Planlagt utbetring av Fv 6 langs strekninga sør for Grimstveit til Sveio sentrum/Fv 47 har så langt berre fått godkjent midlar til sjølve planlegginga frå Hordaland fylkeskommune. Det er såleis enno ikkje teke stilling til finansiering av utbygginga.

Vurdering i høve til ROS analyse:

ROS-analysen skal følgja krava i «*Krav til risikovurderingar*» (NS 5814:2008) og Direktoratet for Samfunnssikkerhet og Beredskap sin rettleiar; «*Samfunnssikkerhet i arealplanlegging*». Planframlegget må syne til ei vurdering av alle tilhøve ved arealet/tiltaket uansett om risikoen er akseptabel. Dette er særleg viktig med tanke på eventuelle endringar i klima, havnivå og flaum.

Vurdering i høve til KU – Konsekvensutgreiing:

Kommunen har vurdert planarbeidet til å vera i samsvar med overordna plan, «*Kommuneplan for Sveio kommune 2011-2023*» og treng såleis ikkje meir konkret konsekvensutgreiing enn det som vart gjennomført i planprosessen for kommuneplanen. Kommuneplankartet viser ny vegstrekning for Fv 6 frå Buamyrdalen til Sveio sentrum og plasseringa i kartet er ikkje venta å vera endeleg plassering. Dersom planlagt strekning ikkje vert liggjande i nøyaktig den same traséen som kommuneplanen viser så vurderer likevel



kommunen tiltaket til å vera i samsvar med intensjonen i kommuneplanen og at det såleis ikkje må stillast krav om særskild konsekvensutgreiing for planarbeidet. Dette er avklara med Fylkesmannen i Hordaland som har same innstilling til eit ev. behov for konsekvensutgreiing.

Ved gjennomføring av konsekvensutgreiing for vegstrekninga når kommuneplanen for Sveio vart utarbeida kom ein fram til at traséen skulle takast med i planen med følgjande grunngjeving:

Ei delvis omlegging og siktutbetring av Tjernagelvegen vil gjera ferdselen tryggare for både tungtrafikk, bilistar og mjuke trafikantar. Traséen vil koma i konflikt med noko dyrka mark, men fordelene vegutbetringa medfører er vurdert meir tungtvegande enn dei ulempene som oppstår med omsyn til jordvernet.

Den samla konsekvensen i utgreiinga var at det ville vera «små negative konsekvensar».

Uansett om kommunen ikkje stiller krav til særskild konsekvensutgreiing så må ein i planprosessen likevel gå igjennom dei ordinære utgreiingar og undersøkingar som følgjer av lova og som ein reguleringsplan skal avklara. Ein skal såleis i planarbeidet likevel avklara forholdet til naturmangfaldlova, folkehelse, landskapstilpassing, omsyn til landbruk og trafikktryggleik m.v.

Uttale frå barnerepresentanten etter PBL:

Barnerepresentanten får tilsendt varsel om oppstart av planarbeid når det har vore halde oppstartsmøte og har då høve til å koma med merknader og innspel til planarbeidet. Han får i tillegg høve til å uttala seg om forslag til reguleringsplan på eit seinare tidspunkt.

Saksorientering

SILINGSNOTATET FRÅ STATENS VEGVESEN

Kystkonsult AS fekk oppdraget av Statens vegvesen å vurdere beste vegline for vidareføring og utbetring av Fv 6 frå Lier til Sveio sentrum. Strekninga som er utgreia er på om lag 5 km.

I utgreiinga er det vurdert fleire ulike alternativ til traséval men i endeleg rapport er det berre to hovudalternativ som vert teke med vidare i arbeidet. Dei to alternative vegvala omfattar 0-alternativet og eit konkret alternativ som medfører ny veg.

0-ALTERNATIVET

0-alternativet medfører at ein vil gjera utbetring på og i direkte tilknytning til eksisterande vegbane. I dette alternativet må ein utvida vegbana og retta ut eksisterande svingar. Det må leggjast til rette for gang- og sykkelveg ved sida av vegbana.

Av forprosjektet går det fram at 0-alternativet vil medføre at ein del landbruksareal vert teke i bruk til vegføremål.

Ved 0-alternativet er det stor sannsyn for at heile vegstrekninga må leggjast på ny (men i same trasé som i dag) då det truleg ikkje er gode massar i eksisterande veg som held som fundament for ny veg.

Dersom ein går inn for 0-alternativet rår konsulenten til at ein likevel nyttar alternativ 1 sitt



forslag til strekning over Åse og Nygård.

ALTERNATIV 1

Alternativet som er tenkt å gå utanom eksisterande vegbane vil til største delen liggja utanom med unntak over Sveio og søre del av Åse, der strekninga følgjer eksisterande veg. Konsulenten viser til at dei største utfordringane ligg i løysinga over Åse, men at ein har funne eitt brukbart alternativ til trasé. Slik løysing vil medføre at ein ikkje må løysa inn bygningar.

Planane for ny veg viser ein total breidde på 6 m. køyrebane og 0,75 m skulder på kvar side. I tillegg kjem eventuelle fyllingar og skjeringar. Dersom traséen skal gå i eksisterande vegbane må vegbreidda i følgje Statens vegvesen si handbok utvidast til 13,75 m for å sikra mjuke trafikantar med gang- og sykkelveg. Der det er behov for det kan breidda på vegen reduserast noko for å sikra jordbruksareal. Dersom det utarbeidast ny vegstrekning kan eksisterande veg i stor grad nyttast til mjuke trafikantar og lokal tilkomst til omkringliggjande busetnad. Noko ny gang- og sykkelveg må likevel byggjast.

Alternativet er å leggja ny vegstrekning utanfor eksisterande veg, med unntak for strekninga over Sveio og søre del av Åse.

Dette alternativet tek utgangspunkt i at ein avsluttar planen ved avkøyringa til Paddevegen.

Øg i dette forslaget vil det gå med ein del landbruksareal og beitemark ved Åse og på Nordskog. Elles vil ny trasé gå igjennom utmark.

Konklusjonen i forprosjektet om beste traséval viser at vegstrekning som i hovudsak ligg utanfor eksisterande veg, med unntak over Sveio og søre del av Åse, er det som vert anbefalt.

KOSTNAD:

Det er gjort nokre vurderingar på kva det vil kosta å gjera utbetringa på strekninga. Avhengig av val av alternativ så vil kostnadene skifta. Det kan òg vera aktuelt med kombinasjonar av dei to alternativa som vert resultatet av reguleringsplanprosessen og då vil kostnadene endast etter det. I vurderinga av kostnader er ikkje vidareføring av vegen heilt fram til Fv 47 teke med. Stipulerte kostnader er vist i silingsnotatet og forprosjektet.

FORHOLDET TIL KOMMUNEDELPLANENE FOR SVEIO SENTRUM:

Delar av vegstrekninga som no skal regulerast ligg i gjeldande kommunedelplan for Sveio sentrum. Ein ny reguleringsplan for fylkesvegen må ta omsyn til vidareutvikling i Sveio sentrum og kva som vil liggja i den nye kommunedelplanen som kommunen allereie har starta opp arbeid for. Ein må her særskilt sikra gode løysingar for mjuke trafikantar på strekninga frå Åse til krysset veg Fv 47 og eventuelt vurderer avlastingsvegar.

I forprosjektet har det vore sett på eit alternativ for avlastingsveg som vart tenkt å gå frå Fv 6 ut på Fv 47, aust for Sveio sentrum. Utbygging her ville medføre lang tunnel under Sveio sentrum og kostnadene ville verta sær store for gjennomføring av strekninga.

Vurdering:

I silingsrapporten til Kystkonsult AS vert det vist til at dei første 475 metrane frå Fv 47, forbi



avkøyringa til Sveio sentrum og opp mot kryss mot Fjellstad, så har vegen så god standard at det ikkje er naudsynt med utbetring. Det vert vist til at kommunen har starta opp arbeid med ny sentrumsplan og at det i den samanheng er naturleg å vurdere mellom anna gang- og sykkelveg for det området i det arbeidet. Dette er ikkje rådmannen einig i då det i ein reguleringsplanprosess er naturleg å sjå på heile naturlege strekningar samla og det er stort behov for avklaring av korleis ein skal løysa trafikktryggleiken for mjuke trafikantar, særskilt frå Krossleite og Fjellstad. Fylkesvegen er i utgangspunktet fylkeskommunen og vegvesenet sitt ansvar og gjennom dette planarbeidet kan desse styresmakter leggja føringar for beste tilkomst over vegen i framtida, noko som i sin tur vil leggja føringar for framtidig planlegging av utbyggingsområde i og rundt Sveio sentrum. Kommunen bør difor stille krav om at denne strekninga skal inngå i reguleringsplanarbeidet.

I forprosjektet er det lagt opp til at ein skal leggja vekt på å sikra gang- og sykkelveg frå Sveio sentrum til og med Nordskog, der det er skuleveg. Rådmannen legg likevel vekt på at dersom det skal leggjast ny veg så må ein samtidig sjå på eit samanhengande gang- og sykkelvegnett heilt opp til Buamyr. I reguleringsplanen på strekninga Buamyr til Grimstveit er det vist ny gang- og sykkelveg dersom fylkesvegen skal gå i eksisterande vegbane og der ny fylkesveg ligg utanom dagens vegbane vil dagens vegbane verta gang- og sykkelveg. Uansett val av alternativ så bør ein leggja vekt på at det skal vera eit samanhengande gang- og sykkelvegnett frå Sveio sentrum og nordover til Buamyr.

Konsulenten sin tilråding til vidare planarbeid er alternativ 1 som legg opp til ein ny vegtrasé på store delar av strekninga.

Fordel med alternativ 1:

- dette alternativet har den beste lineføringa
- vegen vil ha få kryss eller avkøyringar
- ein kan halde høg fartsgrense frå Åse og nordover
- byggjearbeidet langs store delar av vegen kan gjennomførast utan å hindra eller verta hindra av trafikken på strekninga.
- Ein kan nytta eksisterande veg som gang- og sykkelveg.

Ulemper med alternativ 1:

- arbeidet kan berre delast i to byggjetrinn
- det vil vera kostnader med å vedlikehalda eksisterande veg
- det vert noko lenger veg for dei som bur langs Skiftestadvegen å koma inn på Fv 6.
- vegen delar gardsbruk på Åse og Grimstveit
- vegen kjem nær tunet på gnr. 54 bnr. 6

Fordelar med 0-alternativet:

- utbetringa tek mindre nytt areal i bruk
- tiltaket kan delast i mange byggjetrinn (som kan gjera tiltaka lettare å finansiera)
- det må lagast meir ny gang- og sykkelveg

Ulemper med 0-alternativet:

- nokre plassar vil ikkje vegen få god lineføring, særleg nordre del av Åse
- dei fleste avkøyringane og kryssa vert som i dag med dei utfordringar det medfører fartsgrensa vert som i dag



- mykje trafikk vert stoppa i byggjefasen og byggjeaktivitet vert avgrensa av forventingar frå trafikken om å koma forbi

I forprosjektet vert det vist til at nest beste løysing er å kombinera 0-alternativet med alternativ 1.

Konklusjon:

Rådmannen meiner at konklusjonane i forprosjektet dannar eit godt utgangspunkt for å vurdera alternativ for vegstrekning frå Grimstveit til Sveio sentrum. Kommunen meiner at det er viktig å sikra at reguleringsplanen vert ført heilt fram til Fv 47 og at det vert lagt opp til at heile strekninga skal visast med gang- og sykkelveg.

Når det er teke stilling til val av trasé kan Statens vegvesen starta opp planarbeidet med å be kommunen om eit oppstartsmøte.

Rådmannen sitt forslag til vedtak:

1. Sveio kommune rår til at alternativ 1 i forprosjektet for Fv 6 Grimstveit – Sveio sentrum skal leggjast til grunn for planarbeidet. Det inneber at ny veg i hovudsak skal leggjast i ny trasé. I planprosessen kan det gjerast vurderingar om lokale tilpassingar.
2. Sveio kommune rår til at det vert utarbeida gang- og sykkelveg langs heile vegstrekninga og at vegstrekninga vert ført heilt fram til krysset ved Fv 47.

Hovudutval teknisk/næring - 021/16

HTN - behandling:

Lars Oddvin Hovda sa seg inhabil (jfr. fvl. § 6, 2. ledd), og forlét møtet då saka blei behandla.

Samrøystes som framlagt av rådmannen.

HTN - vedtak:

1. Sveio kommune rår til at alternativ 1 i forprosjektet for Fv 6 Grimstveit – Sveio sentrum skal leggjast til grunn for planarbeidet. Det inneber at ny veg i hovudsak skal leggjast i ny trasé. I planprosessen kan det gjerast vurderingar om lokale tilpassingar.
2. Sveio kommune rår til at det vert utarbeida gang- og sykkelveg langs heile vegstrekninga og at vegstrekninga vert ført heilt fram til krysset ved Fv 47.